



# Søknad om medlemskap i Fjelberg Kraftlag SA

Fjelberg Kraftlag

Namn på person eller føretak:		Fødselsdato eller org.nr:	
Adresse: (korrekt bustad- eller forretningsadresse i samsvar med folkeregisteret eller føretaksregisteret)			
Postnr:		Poststad:	
Kundenr. i Fjelberg Kraftlag:		Eg stadfester å ha gjort meg kjend med medlemsrettar og plikter som er vist nedanfor og søker med dette om medlemskap i kraftlaget.	
Stad:		Dato:	Underskrift:

**Utdrag frå kraftlaget sine vedtekter. Fullstendige vedtekter finn du på laget sine nettsider: [www.fjelberg-kraftlag.no](http://www.fjelberg-kraftlag.no).**

## §4. Medlem

- 4.1 Medlemskap skal lyda på namn og fødselsdato eller føretaksnamn og føretaksnummer.
- 4.2 Alle personar som er busette i, eller organisasjonar med forretningsadresse i Fjelberg Kraftlag sitt forsyningsområde, og som kjøper varer eller tenester frå laget, kan vera medlem.
- 4.3 Medlemskap kan overførast til ein ny medlem etter samtykke frå dagleg leiar.
- 4.4 Innmelding skal skje skriftleg, og den som stettar krava i § 4.2, vert rekna som medlem frå det tidspunktet medlemsinnkot er innbetalt. Styret avgjer tvistar om rett til å bli godkjend som medlem.
- 4.5 Ein medlem melder seg ut skriftleg. Saldo på medlemskapitalkonto vert då utbetalt seinast tre månader etter at utmeldinga er motteken.
- 4.6 Dersom ein medlem ikkje lenger stettar kravet i § 4.2, og ikkje melder seg ut skriftleg, jf. § 4.4, opphøyrer medlemskapen automatisk frå 31.12. i det året medlemsvilkåret ikkje lengre er stetta. Saldo på medlemskapitalkonto vert utbetalt.

## §5. Medlemsrettar og -plikter.

- 5.1. Medlemsinnkot er fastsett til kr. 500,-. Det skal ikkje betalast medlemskontingent.
- 5.2. Berre medlemmer som er registrerte i føretaket sitt medlemsregister, har medlemsrettar i føretaket. Medlemene har fylgjande rettar:
  - 5.2.1. Rett til å verte innkalla og til å møte på ordinære og omframme årsmøte.
  - 5.2.2. Rett til å få teke opp saker på årsmøtet så framtid sakene er melde inn til styret i så god tid at dei kan takast med i innkallinga.
  - 5.2.3. Rett til å røysta på årsmøtet.
  - 5.2.4. Rett til å få tilgjengelege opplysningar på årsmøtet frå leiinga.
  - 5.2.5. Rett til å få del i føretaket sitt årsoverskot ut frå medlemen sitt kjøp frå føretaket i rekneskapsåret (sjå §10).
  - 5.2.6. Andre rettar som følgjer av lova eller av vedtektene.